

Forslag til politisk uttalelse fra årsmøtet i Indre Østfold Venstre.

### **Ikkje straff barna for forelda sine feil!**

Set utsendinga av Mustafa Hasan og andre i liknande situasjon på vent og sjå på bruken av utlendingslova på nytt.

Indre Østfold Venstre meiner at endringane i lova i 2014 har ein klar intensjon: Dei barna som har slått rot, skal få bli. Humanitære omsyn skal vege tyngre enn innvandringsregulerande omsyn.

Det opprører oss at barn som ikkje kjenner til noko anna land å bu i enn Noreg, vert kasta ut når dei vert myndige.

Å leve heile barndommen og dei første ungdomsåra sine med denne type usikkerheit om framtida er umenneskeleg.

UNE er og skal vera eit uavhengig klageorgan. Stortinget har slått fast at regjeringa ikkje kan instruere UNE. Det er ved lov og forskrift regjeringa kan styre, og slik må det vere. Det går føre seg eit arbeid med regelendringar når det gjeld bara sine rettar i slike saker. Set sakene det no gjeld på vent til dette arbeidet er gjort!

Stortinget skal sjå til at lover og forskrifter vert følgde. Dei kan være tydelege her.

Indre Østfold Venstre ber derfor Stortinget syte for at UNE følgjer intensjonen frå 2014:

Barn som har slått rot i Noreg skal få bli. Barn skal ikkje straffast for feil foreldra deira har gjort.

Forslagsstiller: Marta Lindaas

Årsmøtet i IØV

11.01.21